



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ÅRSMELDING skuleåret 2015/2016

## Elev- og lærlingombodet



# Innhald

Side	3	Innleiing
	4	Facebook-sida Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane
	4	Arbeidsform
	4	Viktig å førebyggje mobbing
	5	Elevråd
	5	Oppfølging av elevråd
	6	Samarbeid med Elevorganisasjonen (EO)
	6	Samarbeid med dei andre elev- og lærlingomboda i landet
	6	Møte med Kunnskapsdept. og KUF-komitèen på Stortinget
	7	Fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval
	7	Læringsamlingar
	7	Instruktørkurs
	8	Hovudutval for opplæring og fagopplæringsnemnda
	8	Tal saker totalt
	9	Saker frå elevar
	9	Saker frå lærlingar
	11	Oversikt over dei ulike opplæringskontora
	11	Utfordringar framover når det gjeld elevar
	12	Utfordringar framover når det gjeld lærlingar
	13	Oppsummering

## INNLEIING

---

Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane, som også er mobbeombod, har ombodsansvar for 4069 elevar og 1164 lærlingar. Ombodet jobbar på eit fritt og uavhengig grunnlag, og bistår elevar, lærlingar og elevråd både i enkeltsaker og saker av meir generell karakter. Totalt er det komt inn 226 saker/spørsmål til ombodet. Oversikt over tal saker/spørsmål per kategori er lista opp under avsnitta "Tal saker frå elevar" og "Tal saker frå lærlingar". I siste del av årsmeldinga er der eigne avsnitt som handlar om utfordringar framover når det gjeld både elevar og lærlingar.



Mo og Øyrane vidaregåande skule

## FACEBOOK-SIDA "ELEV- OG LÆRLINGOMBODET I SOGN OG FJORDANE"

---

Facebook-sida "Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane" har mange elevar og lærlingar som følgjarar. Her blir det lagt ut relevant informasjon, tekst og foto frå skulebesøk og frå ulike kurs, konferansar og arrangement som ombodet deltek på.

## ARBEIDSFORM

---

Ved skulebesøk, på fellesarenaer for ungdom og på lærlingsamlingar er det mange som tek direkte kontakt for spørsmål, i tillegg til kontakt via e-post, telefon og Facebook.

Dei aller fleste sakene blir løyste gjennom samtalar på lågast mogleg nivå, altså, mellom dei partane saka gjeld. Dersom det ikkje let seg gjere, blir opplæringsavdelinga kopla inn. Opplæringsavdelinga blir også kopla inn i saker av generell art, og orientert dersom det er sider ved opplæringa i skule eller bedrift som bør sjåast nærare på. Dialog mellom dei partane saka gjeld, og tidsfrist for å løyse saka, er ein arbeidsmåte som ombodet vil halde fram med.

## VIKTIG Å FØREBYGGJE MOBBING

---

Elev- og lærlingombodet har på skulebesøka lagt særleg vekt på korleis ein kan førebyggje mobbing. Opplæringslova § 9a slår fast at alle elevar har rett til eit godt fysisk og psykososialt miljø som fremjar helse, trivsel og læring. Ombodet oppfordrar og gir elevar og lærlingar råd om korleis dei sjølve kan vere med å skape eit godt læringsmiljø. I tillegg får dei informasjon om framgangsmåte ved varsling til leiing dersom mobbing oppstår.

Elevmedverknad er eit sentralt tema i opplæringslova, og det er difor viktig at tillitselevane har kunnskap om sine rettar og sitt ansvar på dette området. Alle elevar må oppfatte elevmedverknad som ein viktig del av skulekvardagen, og sjå at det nyttar å engasjere seg. Det er også med og fremjar samfunnsengasjement.





## ELEVRÅD

---

Elev- og lærlingombodet har erfart at følgjande faktorar har positiv effekt for kvaliteten på elevrådsarbeidet:

- Elevrådet får hjelp av elevrådskontakten eller nokon i leiinga til å komme i gang om hausten.
- Elevrådet brukar god tid på å velge eigna elevrådsleiar, som er motivert for arbeidet.
- Skulen set av tid til skulering av elevrådet.
- Rektor engasjerer seg i elevrådet, og har jamleg dialog med elevrådsleiar.
- Leiinga støttar initiativ frå elevrådet og samarbeider med elevrådet i gjennomføring av ulike saker og arrangement.
- Elevrådet får tilstrekkeleg med tid til elevrådsmøte og elevrådsarbeid.
- Elevrådet disponerer midlar til ulike arrangement.
- Tillitselevane møter opp på elevrådsmøta og tek ansvar.



Sogndal vidaregåande skule

## OPPFØLGING AV ELEVRÅD

---

Alle skular er etter lova pålagt å ha eit elevråd. Ombodet veit at det kan variere frå skule til skule, og frå år til år, korleis elevrådet fungerer. Nokre elevråd har kun høve til å ha møte utanom undervisningstid, i midttimar og liknande. Aktiv vaksnehjelp, frå t.d. elevrådskontakten, viser seg å vere avgjerande for å få til eit velfungerande elevråd. Skulering av elevråd er også viktig.

## **SAMARBEID MED ELEVORGANISASJONEN (EO)**

---

Ombodet og EO har samarbeidd om planlegging og gjennomføring av skulebesøka om hausten. Dette opplever begge partar så positivt at vi ønskjer å vidareføre det. I tillegg har ombodet vore invitert og deltatt på elevforsamling i regi av EO i oktober, Elevtinget i Oslo i mars og på årsmøtet til EO Sogn og Fjordane i april.



Elevrådsseminar i Flora

## **SAMARBEID MED DEI ANDRE ELEV- OG LÆRLINGOMBODA I LANDET**

---

Elev- og lærlingomboda i landet har oppretta samarbeidsforum der vi diskuterer felles utfordringar. I tillegg utvekslar vi informasjon om aktuelle konferansar og kurs om kan vere aktuelle for oss å delta på. I byrjinga av skuleåret 2015/2016 deltok vi på Nasjonal opplæringskonferanse i Molde. Gjennom året har vi hatt fellesmøte mellom anna i Fredrikstad, Oslo og Trondheim. Vidare har vi kontinuerleg kontakt gjennom heile skuleåret. Sidan vi er berre eitt ombod per fylke, opplever vi det som særst nyttig å samarbeide/utveksle erfaringar på tvers av fylkesgrensene.

## **MØTE MED KUNNSKAPSDEPARTEMENTET OG KUF-KOMITÈEN PÅ STORTINGET**

---

Som eit ledd i samarbeidet med dei andre omboda i landet hadde vi "audiens" både i Kunnskapsdepartementet og KUF-komitèen i mars månad. På agendaen stod mellom anna førebygging av mobbing, psykisk helse, fråfall og den nye fråværgrensa.



Møte på Stortinget

## FYLKESTING FOR UNGDOM OG UNGDOMSPOLITISK UTVAL

Ombodet har gjennom dette året også hatt god kontakt med representantane i fylkesting for ungdom og ungdomspolitisk utval. På fylkesting for ungdom på Skei i mars vart det vedtatt nye vedtekter for ungdomspolitisk utval. Elles er dette ein viktig arena for politisk verkstad. Ombodet var invitert til å halde helsings- tale, der eg la særleg vekt på at vi alle har eit ansvar for å førebyggje mobbing. Både i møtet og i etterkant har fleire tatt kontakt med spørsmål om råd og tips om korleis ein kan førebyggje mobbing. Det er flott at så mange fylkestingsrepresentantar også deltek. Ein kan ikkje unngå å legge merke til at vi har talentfull ungdom med stort samfunnsengasjement i Sogn og Fjordane. På tingsetet deltok også elevrepresentantar frå Akershus og Hordaland, som var imponerte over måten tingsetet vart gjennomført på.

## LÆRLINGSAMLINGAR

Elev- og lærlingombodet har delteke på dei regionvise lærlingsamlingane også i år. Det er svært positivt at fylkeskommunen arrangerer desse samlingane. Lærlingane melder tilbake at dette set dei stor pris på. Her blir det formidla relevant og viktig informasjon om læretida frå ulike instansar. Elev- og lærlingombodet hadde innlegg om ombodsrolla, konfliktløyising og korleis skape eit godt læringsmiljø.

## INSTRUKTØRKURS

Ombodet er kjend med at det vert arrangert instruktør kurs og kurs for faglege leiarar. Dette er svært positivt, og kjem den enkelte lærling til gode då det er nettopp desse personane lærlingen har mest med å gjere på arbeidsplassen. Det er viktig at fagleg ansvarleg og instruktør har fellesforståing for kva som blir forventa av dei og kva dei kan forvente lærlingane. Desse kursa er med og kvalitetssikrar opplæringa i bedrift.



## HOVUDUTVAL FOR OPPLÆRING OG FAGOPPLÆRINGSNEMNDA

---

Elev- og lærlingombodet har møte- og talerett i hovudutval for opplæring og i fagopplæringsnemnda. Så sant det let seg gjere deltek ombodet på desse møta. Det er også meininga framover då det er relevant i høve til alt som rører seg innan vidaregåande opplæring.

## TAL SAKER TOTALT

---

Totalt har ombodet motteke 226 saker skuleåret 2015/2016, 96 frå elevar og 130 frå lærlingar. I fjor var talet totalt 232 og dei to føregåande åra 227 og 224. Det vil seie at tal saker har vore nokonlunde stabilt dei siste åra. I år er det 8 fleire saker frå elevar enn i fjor, og 20 færre frå lærlingar. Med saker meiner vi alle typar problemstillingar og spørsmål, som elevar og lærlingar treng råd og hjelp til å løyse. Det som merkar seg ut er tal saker som gjeld lærlingsmiljøet, § 9a i opplæringslova, arbeidsmiljølova og korleis førebyggje mobbing. Nettopp desse tema har ombodet brukt ekstra tid på både ved skulebesøk og i møte med lærlingane. Ombodet er glad for at så mange elevar og lærlingar har tatt kontakt nettopp om læringsmiljøet fordi spørsmåla har i all hovudsak handla om korleis dei sjølve kan vere aktive i det å skape eit godt læringsmiljø. Dette har også medført at både skular og lærebedrifter i større grad har sett læringsmiljøet på agendaen.



Byggopp - oppstartkurs for lærlingar



SAKER FRÅ ELEVAR	TAL SAKER
Vurdering	12
Psykisk helse	8
Læringsmiljøet § 9a i opplæringslova Korleis jobbe førebyggjande med mobbing	17
Konflikthandtering elev-elev og elev-lærer	9
Korleis ta opp vanskeleg spørsmål med lærar	11
Fråvær av lærar - bruk av vikar	4
Klage på karakter - framgangsmåte	3
Rett til lån og stipend	4
Forbetring av karakterar	4
Permisjonssøknad, velferdsgrunnar	5
Søknad om utsett prøve/tentamen	2
Elevar som vurderte å slutte,men som etter samtalar gjerner vil fullføre	6
Spørsmål vedr inntak og formidling av skuleplass	7
Tilpassa opplæring	4

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Fortvilning over ikkje å ha fått læreplass	12
Spørsmål om korleis ta opp saker med overordna	11
Læringsmiljøet § 9a i opplæringslova Arbeidsmiljølova	16
Mangel på info om lærlingordning til tilsette i bedrift	7
Kvalitetssikring av halvårssamtalar	9
Midlertidig stopp i læreforholdet	2
Spørsmål om heving av kontrakt	4
Konflikthandtering lærling-fagansvarleg	8
Uklar ansvarsfordeling på arbeidsplassen	7
Spørsmål vedr oppmelding til fagprøve	3
Manglande tilbakemelding om avviking av fagprøven	2
Fagleg leiar og/eller instruktør lite tilgjengeleg	5
Forlenging av læretid	4

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Arbeidstid og lønn	9
Einsidige og gjentekne arbeidsoppgåver utan læringsprogresjon	5
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	5
Tilpassa opplæring	6
Arroganse frå opplæringskontor	2
Lærlingar som vurderer å slutte,men ønskjer motivasjon til å fullføre læretida	3
Spørsmål om lån og stipend	6
Lærlingar som må avslutte læretida av helsemessige grun- nar	2
Frykt for represaliar ved varsling av dårlege tilhøve	2



Årdal vidaregåande skule

## OVERSIKT OVER DEI ULIKE OPPLÆRINGSKONTORA

---

Bilbransjens opplæringskontor (BOK)  
Blomsterdekoratørfagets Opplæringskontor  
Byggmestrenes Servicekontor as Avdeling Sogn og Fjordane  
Byggopp, Opplæringskontoret for Bygg- og Anleggsteknikk i Sogn og Fjordane  
Foreningen Frisørfagets opplæringskontor  
Maritimt Opplæringskontor Sør/Vest Norge  
Nordfjord Opplæringskontor  
Opplæringskontor for Heisfaget  
Opplæringskontor for hotell- og matfag (OKHM)  
Opplæringskontoret for anleggs- og bergfagene OKAB Sogn- og Fjordane  
Opplæringskontoret for elektrofag Sogn og Fjordane NELFO  
Opplæringskontoret for fiskeri- og havbruksfag i Sogn og Fjordane (OKFH)  
Opplæringskontoret for forsvaret/Vest (OfF/V)  
Opplæringskontoret for Fotostudier OFS  
Opplæringskontoret for hestefaget og hovslagerfaget  
Opplæringskontoret for hotell- og restaurantfag i Hordaland  
Opplæringskontoret for Indre Hordaland  
Opplæringskontoret for Møbel-, Tre- og Mekanisk Industri  
Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)  
Opplæringskontoret for oljerelaterte fag  
Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring  
Opplæringskontoret for transport og logistikk  
Opplæringskontoret i Austevoll  
PRO - Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri  
Raise opplæringskontor for Frisører as  
Sogn Opplæringskontor  
Traktorbransjens opplæringskontor

## UTFORDRINGAR FRAMOVER NÅR DET GJELD ELEVAR

---

### Kontaktinformasjon til ombodet på skulane

Ombodet er kjend med at dei vidaregåande skulane får nye og oppdaterte heimesider til skulestart 2016/2017 Det er då viktig at skulane legg inn synleg kontaktinformasjon til elev- og lærlingombodet på ny heimeside. Tilbakemelding frå elevar tilseier at det er stor variasjon frå skule til skule om ovannemnde info er lett tilgjengeleg eller ikkje.

### Vurdering

I 2015 vart det innført nye reglar vedr vurdering, som mellom anna tilseier at undervegsvurdering skal vere teljande saman med sluttkompetansen når standpunktkarakteren vert sett. Dette gjer at arbeidet med vurdering blir endå viktigare enn tidlegare. Ombodet blir fortalt at det ikkje er alle elevar som får ein gjennomgang av læreplanen og kompetansemåla i kvart enkelt fag. I slike saker oppfordrar ombodet alltid eleven til å ta dette direkte opp med lærar, for å løyse saka på lågast mogleg nivå.



### **Auka fokus på å skape gode læringsmiljø**

Ein del elevar tek kontakt fordi dei treng nokon å snakke med, og spørje til råds om korleis dei kan vere med å skape eit best mogleg miljø på skulen. Ungdom i dag blir utsett for stort press i høve det å prestere, utsjånad og mediepåverknad. Det kan difor vere lett å føle at ein ikkje strekk til, eller fell utanfor. Ombodet har merka seg auka fokus på læringsmiljøet frå både tilsette og elevar om korleis ein kan hindre mobbing. Det er svært positivt at elevane sjølve er aktive i arbeidet med å førebyggje mobbing. Oppfordringa er å halde fram med dette viktige arbeidet, og at skulane arrangerer minst ein konferanse for året som omhandlar nettopp dette temaet.



Måløy vidaregåande skule

### **Ny fráværsgrense, og handheving av den**

Sitjande regjering har vedtatt ny fráværsgrense no i vår. Desse blir gjeldande frå hausten 2016. Ein kan ha mange meiningar om den nye fráværsgrensa, men den er vedteken og altså gjeldande. Utfordringa blir handhevinga av den, og at det skjer på same måte uavhengig av kva skule ein går på.

## **UTFORDRINGAR FRAMOVER NÅR DET GJELD LÆRLINGAR**

### **Formidling av læreplassar**

Ombodet forstår det slik at opplæringsavdelinga har hatt som mål å gjere dei vidaregåande skulane meir aktive og delaktige i høve overgangen vg2 til opplæring i bedrift. Skulane kan gjennom bruk av utplassering for elevar i faget prosjekt til fordjuping ha eit tett og forpliktande samarbeid med arbeids- og næringslivet. Det er positivt, men ombodet ser at det innan ulike bransjar er behov for at fleire bedrifter ser verdien av å ta inn lærlingar.

### **Sogn og Fjordane treng fleire lærebedrifter**

Det har over fleire år vore spesielt utfordrande å skaffe læreplass innan elektro-, barne og ungdomsarbeidar-, industri- og maritime fag. Elev- og lærlingombodet finn det rett å nemne dette i håp om at det kan gjerast

ein ekstra innsats for å få fleire lærebedrifter til å ta inn lærlingar i nettopp desse faga. Fokus på ung arbeidskraft, rekruttering og tilskotsordning for å ta inn lærling er stikkord her.

Basistilskot for 2016 er på kr 139 066 per lærling pr år med fulltidsopplæring.

### **Oppfordring til kommunar om å ta inn lærlingar**

Elev- og lærlingombodet ser at det er behov for fleire lære plassar i kommunesektoren. Oppfordringa til kommunane bør vere at dei i budsjettprosessen set av midlar til å ta inn fleire lærlingar. Særleg innan barne- og ungdomsarbeid, og helsefagarbeidar kjem det spørsmål frå ungdom om lære plass i kommunane. Dette handlar i mange tilfelle om ungdom som på sikt ønskjer å busetje seg og jobbe i heimkommunen eller i ein annan kommune i Sogn og Fjordane.

### **OPPSUMMERING**

---

Elev- og lærlingombodet oppfordrar elevar og lærlingar til å løyse sakene på lågast mogleg nivå. Når det gjeld spørsmål om læringsmiljø og psykisk helse har dette vore spørsmål av meir generell art, og eit ønskje om råd til korleis dei sjølve kan vere aktive for eit betre læringsmiljø. Når det gjeld andre saker kan dette vere konkrete spørsmål knyta til lovverket som dei får svar på med ein gong. Eller det kan vere saker som dei lurar på korleis dei skal ta opp og med kven. Etter samtale og råd frå ombodet blir dei aller fleste sakene løyste internt på skulen eller i bedrifta. Ombodet nyttar høvet til å takke alle involverte partar for godt og konstruktivt samarbeid skuleåret 2015/2016!

Venke Nordeide  
elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)

Framsidedfoto: Stryn vidaregåande skule  
Alle foto: Venke Nordeide